

# Årsplan SFO

## Vang barne og ungdomsskule



## Skuleåret 2025-2026

### Morgonen

07:15-09:00  
(alle dagar)

### Ettermiddag

13:10-16:30  
(Måndag, Onsdag og Fredag)

14:40-16:30  
(Tirsdag og Torsdag)

### SFO telefonnummer

+47 91 61 27 89

### SFO-LEIAR Bente

Bente.Sondrol@vang.kommune.no  
+47 91 52 81 86

### SFO-LEIAR Eskil

Eskil.Remmen@vang.kommune.no  
+47 46 84 83 92

# Innhaldsliste

Side 1 **Framside**

Side 2 **Innhaldsliste**

Side 3 **Om vår SFO**

Side 4 **Korleis jobber me med rammeplan?**

Side 5 **Rammeplan**

Side 6-11 **Tilsette ved SFO**

Side 12-15 **Årshjul**



# Om vår SFO

På SFO ved Vang barne- og ungdomsskule møter borna eit trygt, varmt og kompetent personale som brenn for at kvardagen skal vere fylt med glede, meistring og fellesskap. Me tek utgangspunkt i rammeplanen for SFO og kombinerer solid fagleg kunnskap med ekte engasjement for barndommens eigenverdi.

Hos oss er det stort rom for fri leik, det er noko av det viktigste i barndommen og det verdsetter me veldig høgt! Me har også planlagde aktivitetar – alt frå kreative prosjekt og kulturmøte til fysisk utfalding og rolege stunder. Måltida er viktige samlingspunkt der vi legg vekt på matglede, gode vanar og sosialt fellesskap.

Me skapar ein inkluderande atmosfære der alle barn blir sett, høyrte og verdsett, og me gir barna høve til å utforske, skape og påverke sin eigen kvardag. Tryggleik, omsorg og trivsel er fundamentet vårt – kombinert med høg vaksentettleik og tydelege rutinar som gir forutsigbarheit.

Med oss får barna ein SFO-kvardag der dei kan vere seg sjølve, utvikle nye ferdigheter, byggje vennskap og oppleve glede ved å vere del av eit fellesskap. Vi er stolte av å vere ein ressurs for både barna og føresette, og me arbeider kvar dag for at SFO skal vere ein av dei beste stundene i barndommen.

*Gjennom året har me nokre faste høgdepunkt som me markerer saman på SFO. Desse dagane gir borna gode opplevelingar, styrker fellesskapet og gir kjennskap til viktige tradisjonar og kulturar.*

## Jul

I desember skapar me ei varm og inkluderande førjulstid. Me lagar julepynt. Me snakkar om norske juletradisjonar, men også om korleis jul og vintersolhøgtider blir feira i andre kulturar. Målet er å skape hygge, fellesskap og glede av å gjere noko saman.

## Samenes nasjonaldag – 6. februar

Denne dagen lærer vi om samisk kultur, språk og historie. Me ser på samiske symbol, hører musikk, og har enkle aktivitetar som gir barna innblikk i tradisjonar og levemåtar. Slik blir dei kjende med at Noreg er eit land med fleire kulturar og språk.

## SFO-dagen

SFO-dagen er vår eigen festdag! Me markerer glede over å vere ein del av SFO-fellesskapet med leik, aktivitetar og noko ekstra godt å ete. Dagen blir fylt med moro og meistring, og barna får oppleve SFO som ein stad der dei både lærer og har det kjekt.

## 17. mai

I tida før nasjonaldagen lagar me flagg og pynt, øver på songar og snakkar om kvifor me feirar 17. mai. Vi har små "17. mai-leikar" som potetløp, tautrekking og sekkeløp. Slik får barna kjennskap til grunnlova, tradisjonar og den nasjonale fellesskapskjensla – samtidig som me har det moro saman.



# Korleis jobbar me med Rammeplan

Rammeplanen for skolefritidsordninga er hovuddokumentet me arbeider ut frå i det daglege. Han gir oss ein tydeleg retning og sikrar at SFO-tilbodet vårt er av høg kvalitet, med fokus på både leik, læring og trivsel. Du kan lese heile rammeplanen her: [udir.no – Rammeplan for SFO](http://udir.no/Rammeplan_for_SFO)

Gjennom året arbeider me målretta med alle hovudområda i rammeplanen:

## **Verdigrunnlaget**

Me tek vare på barndommens eigenverdi og legg vekt på tryggleik, omsorg og trivsel. Me arbeider for at alle barn skal kjenne seg inkluderte, og vi gir rom for skaparglede, engasjement og utforskarkartrong. Demokrati og fellesskap står sterkt, og vi lærer barna å ta omsyn til kvarandre. Me er òg medvitne om berekraftig utvikling og snakkar om å ta vare på miljøet.

## **Innhaldet i SFO**

Leiken er ein naturleg del av kvardagen, både ute og inne. Me gjev barna høve til å møte kultur i ulike former, vere kreative og utforske eigne interesser. Fysisk aktivitet og rørsleglede er sentralt, og me legg vekt på gode og hyggelege måltidsopplevelingar.

## **Eit inkluderande fellesskap**

Me legg til rette for at alle barn skal få delta, uavhengig av føresetnader og bakgrunn. Me ser og verdset kvar enkelt, og jobbar for at alle skal kjenne seg trygge og viktige.

## **Samarbeid**

God kontakt med føresette er avgjerande. Me har korte, daglege møtepunkt ved levering og henting, og vi samarbeider tett med skulen, særleg i overgangen frå barnehage til skule og SFO.

## **Kvalitetsutvikling**

Me evaluerer arbeidet vårt jamleg og brukar årsplanen aktivt. Me planlegg aktivitetar med utgangspunkt i rammeplanen, og justerer underveis for å møte barnas behov og interesser.

For oss betyr rammeplanen ikkje berre ord på eit papir – han er eit levande verktøy me brukar kvar dag for å skape ein trygg, inkluderande og inspirerande SFO-kvartdag for alle barn.



# Rammeplan

Rammeplan er hoveddokumentet me jobbar utfrå. Her finn du link om de har lyst til å lese meir om dette!

**<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>**

## **Mål me er igjennom iløpet av eit skuleår:**

1. Om rammeplan for skolefritidsordningen

## **2. Skolefritidsordningens verdigrunnlag**

- 2.1. Overordnet om verdigrunnlaget til SFO
- 2.2. Barndommens egenverdi
- 2.3. Trygghet, omsorg og trivsel
- 2.4. Mangfold og inkludering
- 2.5. Skaperglede, engasjement og utforskertrang
- 2.6. Demokrati og fellesskap
- 2.7. Bærekraftig utvikling

## **3. Innholdet i skolefritidsordningen**

- 3.1. Overordnet om innholdet i SFO
- 3.2. Lek
- 3.3. Kultur
- 3.4. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede
- 3.5. Mat og måltidsglede

## **4. En inkluderende skolefritidsordning**

### **5. Samarbeid i skolefritidsordningen**

- 5.1. Overordnet om samarbeid
- 5.2. Overgang fra barnehage til skole og SFO

### **6. Kvalitetsutvikling**

- 6.1. Overordnet om kvalitetsutvikling
- 6.2. Planarbeid

**Hjemmel**



# Tilsette dette skuleåret



**Bente Søndrol**

Barne- og ungdomsarbeidar/SFO leiar



**Eskil Remmen**

Barne- og ungdomsarbeidar/SFO leiar



**Grethe Hippe**

Barne- og ungdomsarbeidar

# Tilsette dette skuleåret



**Ann Helen Hermundstad**  
Helsefagarbeidar



**Susanne Kårstad Henriksen**  
Helsefagarbeidar



**Anna Szalaj**  
Barne- og ungdomsarbeidar

# Tilsette dette skuleåret



**Øyvor Veflen Tveit**  
Barne- og ungdomsarbeidar



**Lene Rogn Andersen**  
Barne- og ungdomsarbeidar




**Gunn Audhild Tørstad**  
Barne- og ungdomsarbeidar

# Tilsette dette skuleåret



**Thea Kristin Almenning**  
Barne- og ungdomsarbeidar



**Anna Maria Bors Wrobel**  
Miljøarbeidar



**Maria Aaslund**  
Barne- og ungdomsarbeidar

# Tilsette dette skuleåret



**Iryna Mevid**  
Assistent



**Elisabeth Barlien Berge**  
Barne- og ungdomsarbeidar



# Lærlingar dette skuleåret



**Tengla Julie Vollheim**  
Lærling



**Ketter Veri**  
Lærling

# Årshjul

## August

Me skal bli kjent med kvarandre. Saman skal me bli kjent med lokalar, område kvarandre og skape gode relasjonar igjennom leik.

*SFO skal tryggja overgangen frå barnehagen. Borna må bli kjent med personalet og det fysiske miljøet på SFO. Borna skal oppleva tryggleik og tilhørsel.*

## September

Etablere gode rutinar.  
Bruke uteområdet til frileik, og gymsalen med styrte aktivitetar.

*Gode rutinar gjer borna tryggare. SFO skal prioritera tid og rom for leik og leggja til rette for borns skaparglede, engasjement og utforskarkartrong.*

## Oktober

Bruke uteområdet til frileik, sjå naturen i endring.

Haustferie veke 41.

*Vekke nysgjerrigkeit hos borna, la borna utforske naturen. Vera aktiv i naturområdet på SFO.  
Få inn gode matvanar, gi rom for deltaking.  
Gode samtalar, følelse av eit fellesskap.*

## November

Vera ute, bruke naturområdet og skoleplassen.

Leik.  
Formingsaktivitetar inne på SFO-rom og aktivitetar i gymsal.

*Vera ein del tå eit fellesskap, ha medverknad til ulike aktivitetar.  
Leggja til rette og inspirere til eit godt leikmiljø for alle.*

# Årshjul

## Desember

Være aktive ute eller inne, tilrettelegge for god leik og gode opplevingar.

Leik og formingsaktivitetar på SFO rom.  
Nytte gymsal til leik.  
Bruke uteområdet til aking og frileik.

Kva tradisjonar har me?  
Julepynt laging

***Respektere ulikheitar, dele erfaringar om eigne forutsetningar og kultur.***

***Støtte borna i å skapa sine eigne utrykk gjennom kulturaktivitetar.***

## Januar

Leik inne og ute.  
Være ute å ha ulike vinteraktivitetar.  
Formingsaktivitetar.

***Legge til rette for leik, inspirere til aktivitet som kan bidra til læring og kreativitet.***

## Februar

Formingsaktivitetar og leik inne og ute.

Samenes nasjonaldag 6. februar  
Vinterferie veke 9.

***Medverknad til ulike aktivitetar. Ta vare på og anerkjenne ulike syn på tradisjonar.  
Framme rørslede og kulturelle aktivitetar.***

# Årshjul

## Mars

Påskeførebuingar.  
Kva for påsketradisjonar har me?  
Uteaktivitetar  
Inne-aktivitetar  
Frileik

***Medverknad til ulike aktivitetar. Ta vare på og anerkjenne ulike syn på tradisjonar.***  
***Framme rørsleglede og kulturelle aktivitetar.***

## April

Sjå etter ulike vårteikn.  
Vera ute i naturområdet  
Vera kreative, kan me laga noko av ting me finn i naturen?

Påskeferie veke 14.  
29. April SFO dagen

***SFO skal gje mogelegheit for ein meiningsfylt leik og fritid.***  
***Leggja til rette for at borna skal føle meistring.***

## Mai

Vera mest mogeleg ute, bruke uteområdet og naturområda i nærleiken.  
Laga 17. Mai pynt og ha 17. Mai leiker.

***Inspirer til skaparglede, nysgjerrigkeit og kreativitet. SFO skal oppmuntre borna til å delta i fellesskap.***

# Årshjul

## Juni

Ulike aktivitetar ute i naturområdet og skuleområdet etter ynskjer frå borna.

Skuleslutt 19. Juni  
Sumar SFO veke 26-27

***Bruke borns medverknad til dei ulike aktivitetane. Ta vare på den gode leiken, leggja til rette for å skape venskap.***

## Juli

Vera på stranda og ved Gapagamma.

Me lagar mat ute.

Turar i nærområde.

Frileik

Sumar SFO veke 26-27

***Gje borna ein meiningsfylt fritid, leggje til rette for leik. SFO skal bidra til at alle born får ei oppleving av eigenverd og meistring.***

